

AUSTRHEIM KOMMUNE  
Sætre marka 2  
5943 AUSTRHEIM

## Tilsegn om startlånmidlar

Vi synar til kommunens søknad om ytterlegare startlånmidlar for 2023.

Husbanken har løyva kommunen:

- **5 000 000 kr** i startlån

### Nedbetalingsvilkår

Kommunen fylte ut sitt ønske om lånetype og nedbetalingstid i søknaden. Låneavtale med lånevilkår og simulert betalingsplan følger vedlagd.

Alle lån vert utbetalt med flytande rente. Renta kan endrast frå flytande til fast etter utbetalinga. Ved ønske om rentebinding, kan kommunen hente fastrenteavtale på Ekstranettet. Sjå informasjon om Husbankens rentetilbod på [Husbanken.no/rente](https://husbanken.no/rente).

### Kva må kommunen gjere for å få midla utbetalt?

- Returnere vedlagde låneavtale stempla og underskriven av ordførar eller den med delegert fullmakt. Kopi av fullstendig delegasjonsfullmakt må leggjast ved.
- Var det ikkje lagt ved søknaden; sende inn kopi av vedtatt investeringsbudsjett der låneopptaket kjem tydeleg fram.

Låneavtale og vedlegg skal sendast til: **Husbanken, Postboks 1404, 8002 BODØ**

Dokumenta kan og sendast til Husbanken elektronisk via kommunen si saks- og arkivsystem til Altinn.

Frist for utbetaling er **1 månad frå dato**. Dersom Husbanken ikkje har motteke signert låneavtale og naudsynte vedlegg innan fristen, fell lånetilsegnet bort.

### Kva skal startlånet brukast til?

Startlån skal bidra til at personar med langvarige problem med bustadfinansiering, kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde den.

Barnefamiljar er ei prioritert målgruppe for startlånsordninga. I mange tilfelle vil dette krevje tilskot i kombinasjon med lang nedbetalingstid for startlånet. Tilskot kan erstatte redusert avdragsbetaling. Unge uføre er ei anna gruppe som skal prioriterast innanfor ordninga.

Kommunen kan og gje startlån for å oppnå betre utnytting av kommunalt disponerte bustader. I tillegg kan startlån brukast dersom bustadsituasjonen i kommunen hindrar moglegheitene til å oppretthalde eit arbeidsforhold, eller hindrar utvikling av det lokale næringslivet.

## Innfridde startlån kan lånast ut på nytt

Midlar kommunen mottok i ekstraordinære avdrag eller ekstraordinære innfriing av startlån, kan brukast til å gje nye startlån. Midlane kan ikkje nyttast til andre formål enn startlån.

## Informasjon

Vi ønskjer så langt som mogleg å unngå at kommunens innbyggjarar får avslag på sine søknadar om startlån grunna manglande utlånsmidlar i kommunen. Ta kontakt med Husbanken sitt regionkontor om din kommune treng å søkje om ytterlegare startlånmidlar utover året, eller om de ønskjer meir informasjon.

De kan også lese meir om ordningane på [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no).

## Aktuelt regelverk

- Husbanken gir lån til kommunar for vidare utlån av startlån til enkeltpersonar i samsvar med [Forskrift om lån fra Husbanken kap 5 Startlån](#). Kommunane si vidaretildeling av startlån skal vere i samsvar med regelverket.
- Kommunane skal rapportere til Husbanken om bruken av midlane til startlån er i samsvar med Husbankens bestemningar. [Forskrift om lån fra Husbanken § 7-10](#).
- [Veileder for saksbehandling - Husbanken](#)
- Rente- og avdragsvilkåra er regulert i [Forskrift om lån fra Husbanken, kap 8. Rente- og avdragsvilkår](#).
- [Rettleiar om tapsdeling og administrering av startlån \(HB 7 B.15\)](#)

## Klagerett

Husbanken si avgjersle er ikkje eit enkeltvedtak, og de kan difor ikkje klage på dette vedtaket.

Helsing  
HUSBANKEN

Bjarte Bøe Alræk  
Seniorrådgiver

Britt-Nina Fløysand Borge  
Seniorrådgiver

Vedlegg:  
Låneavtale  
Simulert betalingsplan